


Månadsbrev frå September

På Sfinxen og Kosovarja

Tilvenning, trygghet og «å bli kjent» har vore stikkord her på avdelinga i byrjinga av barnehageåret. Planane i starten har gått ut på å ta det roleg og bruke god tid med kvarandre, på golvet og i leiken, og finne ut av kvarandres behov og daglege rutiner. Det å bli kjent tek tid, og ikkje minst det å sei farvel (for ei lita stund) til kjente og trygge foreldre, er ikkje alltid så lett for eit lite menneske. Vi har fokusert på minst mogleg stress og kaos i løpet av dagen, noko som gjev godt grunnlag for relasjonsarbeidet mellom barna og mellom vaksne og barn.



Vi har i løpet av september kommet i gang med ei lita **samlingsstund** før utetida som vi prøvar å gjennomføre kvar dag. Rundt 9:30 – 9:45 set vi oss i ring og syng songar. Songane kan ha bevegelsar til, instrument eller konkreter som barna kan knytte til spesifikke songar, som for eksempel songen «Med krølltet hale» der vi har grisebamse (konkret), bevegelsar (tegn til tale) og sang. Dette vil vi ha som fast rutine fremover for å ha eit felles fokus for heile barnegruppa, slik blir barna knytt saman gjennom felles opplevelsar. Det er også ein trygghet for barna med faste aktivitetar som overgang mellom ulike tidspunkt på dagen.



Utetida vår er frå ca 9:45 – 11:30, men vil variere ut i frå diverse andre aktivitetar og gjeremål. I starten vil uteområdet i barnehagen vera stort nok for dei aller minste, medan 2-3-åringane allereie har spurt om å få leike på «storsida». Etter kvart som tilvenningsperioden roar seg og barna blir tryggare, vil vi komme meir i gang med turar, turdagar til skogen, med vogn og i hallen.

Det har dessverre vore ein del **sjukdom** i starten av hausten, både blant små og store. Dette er generelt situasjonen på heile huset og vi har måtte hjelpe kvarandre på tvers av avdelingane. Dette har ført til at vi pedagogar på huset ikkje har kunne teke ut alt av planlegginga vi eigentleg skal, og vi beklagar dette. Men vi håpar det roar seg snart og at ting blir meir normalt utover hausten. Det ser i alle fall lysare ut etter at Norge har opna opp igjen. Trass dette vil vi minne om at handvask framleis er viktig.

Vi har hatt **brannvern-uker** no dei seiste vekene i september, der vi blant anna fekk besøk av brannbilen og samling om kva vi skal gjera om det brenn i barnehagen. Brannøvinga vart utsatt grunna sjukdom og fråvær i personalet, men blir gjennomført snarast.



I **oktober** vil vi ha fokus på hausten. Kva skjer i naturen denne årstida? Vi håpar på varme og tørre dagar der vi kan vera mykje ute, og ha mål om skogsturar med heile barnegruppa vår.

Barnehagen har ein lang tradisjon med markering av **tv-aksjonen** og vil også i år ha dette. Tema i år er «Barn – ikkje brud», og i barnehagen vil vi gjere det meir forståeleg for barna ved å prøve å synleggjere barns rettigheter og spesielt viktigheten av jenters trygghet og utdanning i verden. Meir informasjon om markeringa av dette kjem i eige skriv når det nærmar seg.



Foreldremøtet denne hausten har vi satt til den 12. oktober. Då vil Sfinxen/Kosovarja ha felles møte i lag med avdeling Ruffen. Meir info om tidspunkt og innkalling kjem. Håpar så mange som mogleg vil komme på møtet.

Foreldresamtale: Vi er oppteken av eit godt foreldresamarbeid, og vil minne om at det ikkje skal vere vanskeleg å be om ei lita samtale om det trengs. Så langt i haust er det kun foreldre med barn på tilvenning som har fått tilbud om oppstartssamtale. I Glomfjord barnehage er samtale valgfritt på hausten, men om nokon ynskjer samtale er det berre å gje beskjed til Bjørn Olav eller nokon av dei andre, så skal me sjå på når det kan passe bra.



Takk for eit godt samarbeid så langt i haust. Gje beskjed om det er noko, spørsmål eller tankar, både ris og ros!

Ha ein god oktobermånad!

Helsing Katrin, Fabiola, Solveig og Bjørn Olav ☺